

Til Alver kommune v/byggjesaksavdelinga.

Søknad om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen for Alver/Meland.

Med heimel i Plan-og bygningslova prg. 19.2 vert det søkt om dispensasjon frå arealdelen i kommuneplanen i Alver/Meland for frådelling av ein parsell på om lag 600 kvm. frå gnr. 351 bnr. 13.

Arealet skal nyttast av naboeigedomen gnr. 351 bnr. 78,, Lyngnesveien 67 , 5917 Rossland til oppføring av ein driftsbygning på om lag 70-80 kvm. Driftsbygningen skal nyttast til oppbevaring av diverse utstyr og reiskap som eigar av bnr. 78 nytta i sin drift av sin eigedom. Dette utstyret (traktor, tilhengar diverse materiell m.m.) står i dag ute og forfell. I tillegg er slikt utstyr ståande ute til irritasjon for alle som går forbi området. Ved å få dette i hus vil alt virke ryddigare og ein vil få eit betre miljø i området.


Omsøkt areal har ingen jordbruksverdi for hovudbruket. Arealet ligg i utkanten av hovudbruket og har ei arrondering og ein bonitet som ikkje kan nyttast til jordbruksdrift for hovudbruket. Arealet har heller ingen verdi som friluftsføremål for ålmenta. Arealet har heller ingen verdi innafor naturmangfaldslova sitt forvaltningsområde.

Frådellinga er såleis ikkje vera i strid med vilkåra i kommuneplanen som det vert søkt dispensasjon frå. Frådellinga vil vera til stor føremon for brukar av arealet og er til ingen ulempe for samfunnet elles.

Vilkåra for å kunne gi dispensasjon vil derfor ligge vera til stades.

Frekhaug 29.04.21.

For tiltakshavar Øyvind Landsvik, Eigar av gnr. 351 bnr. 13.



Jens H. N. Bjordal.

Ansvarleg søkjar.